



## MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Onsdag 8. november 2023 kl. 1700-1840

Stad: Trolltunga Hotel

**Desse møtte:** Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø

Forfall: Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 17.11.2023

**Saker til styremøtet:**

**UFS 19/23: Orientering**

**UFS 20/23: Oppsummering av reinsjakta**

**UFS 21/23: Oppsummering av arbeid på hyttene i løpet av året**

**UFS 22/23: Vedtak om bruk av eigenkapital til byggeprosjekt**

**UFS 23/23: Eventuelt**

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Jarle Rasmussen /s/      Synnøva Sæbø /s/

**Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer

Statskog

Varamedlemmer

Ullensvang kommune

Fjellstyra på Hardangervidda as

Hardanger Folkeblad

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda



## UFS 19/23: Orientering

### Saksdokument:

#### Saksdokument:

- 19-23 Postliste

### Saksutgreiing:

#### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

---

### Referat:

Gjennomgang av postlista ved sekretær.

### Vedtak (sak UFS 19/23):

Styret tek orienteringa til etterretning.



## UFS 20/23: Oppsummering av reinsjakta


### Saksdokument:

### Saksutgreiing:



Fjellstyret var tildelt 382 fellingsløyve på vaksen bukk 2,5 år og eldre. I tillegg kjem 31 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som fjellstyret tildeler til jegerar med innanbygdsbuande-status tilknytt gamle Ullensvang herad. Det blei tildelt kort til 234 innanbygdsbuande og 48 utanbygdsbuande. I tillegg gav fjellstyret eit kort i gave i samband med eit filmprosjekt.

Jakttida var 20.8-20.9. Det var samjakt for innanbygdsbuande jegerar med Røldal statsallmenning, som gav jegerane tilgang på deler av den andre statsallmenningen frå og med 6. september. Fjellstyret hadde og ein avtale med dei private valda i Ullensvang, utanom valda i Røldal, som gav jegerar med kort på statsallmenningen moglegheit til å bruke kort frå dei private valda på statsallmenningen frå og med 6. september – mot å kunne jakte på dei private valda i den same perioden. Fjellstyret oppheva fredingssonene, med unntak av trekanten ved Hansbu, frå og med 12. september og ut jakta.

Det var fleire periodar med vestavêr i løpet av jakta, noko som resulterte i fellingar på statsallmenningen over lengre tid. Det blei felt 93 dyr (91 på Ullensvang fjellstyre sine kort). Det gir ein fellingsprosent på 23,8 på fjellstyret sine eigne kort.



Figur 1. Fellingar på korta til Ullensvang fjellstyre.



**Figur 2. Dyreposisjonar 20.8-20.9**

#### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

#### Referat:

Det var semje om at det var ei krevjande jakt med berre reine bukkakort, noko som førte til ein god del frustrasjon blant jegerane.

Det blei stilt spørsmål ved jaktoppsynet sin bruk av helikopter nær ein flokk tidleg i jakta. Spørsmålet blir vidareformidla til oppsynssentralen.

#### Vedtak (sak UFS 20/23):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.



## UFS 21/23: Oppsummering av arbeid på hyttene i løpet av året

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

Gjennomgang på møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

---

**Referat:**

Jarle orienterte om arbeidet som er gjort på hyttene i løpet av året.

Det mest omfattende arbeidet har vore oppretting av avvika som blei påpeikt på brannverntilsyn vinteren 2022. Lofthus Bygg har vore leid inn til mykje av arbeidet, og har gjort ein svært god jobb.

Det har også blitt gjort større og mindre arbeid på fleire av fjellstyrehyttene. Dette blir oppsummert i årsmeldinga.

**Vedtak (sak UFS 21/23):**

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.



## UFS 22/23: Vedtak om bruk av eigenkapital til byggeprosjekt

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Det blei sendt inn søknad om spelemidlar til bygging av nytt naust ved Belebu og naust med oppsynsdel på Raudåna no i haust. Det er eit krav om dokumentasjon på finansiering av prosjekta for at dei skal kunna tildelast spelemidlar. Fjellstyret må difor gjera vedtak om å setta av midlar.

### Naust ved Belebu:

Kostnadsoverslaget for dette prosjektet er 401.925,-. Av dette er 198.800,- dugnadsverdi, og 134.000,- eit eventuelt tilskot i form av spelemidlar. Resten (69.125,-) må dekkast med eigenkapital.

<b>Kostnadar naust Belebu</b>				
	<b>Dugnad</b>	<b>Sum ekskl. mva</b>	<b>Mva</b>	<b>Sum inkl. mva</b>
Adm og prosjektering	kr 16 800			kr 16 800
Synfaring plassering	kr 5 600			kr 5 600
Transport material, mannskap, maskiner	kr 50 400	kr 45 000	kr 11 250	kr 106 650
Arbeid demontere noverande naust + grunnmur	kr 56 000			kr 56 000
Oppsetting av bygget inkl. material	kr 70 000	kr 117 500	kr 29 375	kr 216 875
	kr 198 800	kr 162 500	kr 40 625	<b>kr 401 925</b>

<b>Finansieringsplan</b>				
Spelemidlar				kr 134 000
Eigenkapital				kr 69 125
Dugnadsverdi				kr 198 800
Totalsum finansiering				<b>kr 401 925</b>

### Naust med budel ved Raudåna:

Kostnadsoverslaget for dette prosjektet er 1.531.656,-. Av dette er 320.600,- dugnadsverdi, og 511.000,- eit eventuelt tilskot i form av spelemidlar. Resten (700.056,-) må dekkast med eigenkapital.

<b>Kostnadar naust med budel Raudåna</b>				
	<b>Dugnad</b>	<b>Sum ekskl. mva</b>	<b>Mva</b>	<b>Sum inkl. mva</b>
Adm og prosjektering	kr 22 400			kr 22 400
Synfaring plassering	kr 7 000			kr 7 000
Transport verktøy og maskiner	kr 11 200			kr 11 200
Transport material med skuter	kr 16 800			kr 16 800



Transport material med trakkemaskin	kr 11 200			kr 11 200
Dugnadsarbeid grunnmur	kr 28 000			kr 28 000
Hjelpemannskap til snikkar oppsetting av bygget	kr 112 000			kr 112 000
Demontering gamal hytte, og opprydding	kr 70 000			kr 70 000
Transport heim/miljøstasjon	kr 42 000			kr 42 000
Materialkostnad heile bygget		kr 602 445	kr 150 611	kr 753 056
Snikkararbeid oppsetting av bygget		kr 330 400	kr 82 600	kr 413 000
Helikoptertransport snikkarar		kr 36 000	kr 9 000	kr 45 000
	kr 320 600	kr 968 845	kr 242 211	<b>kr 1 531 656</b>

<b>Finansieringsplan</b>				
Spelemidlar				511000
Eigenkapital				700056
Pengegåver				0
Dugnadsverdi				320600
Totalsum finansiering				<b>1531656</b>

Fjellstyret har per i dag ein eigenkapital på 4.209.832,-.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret set av inntil 69.125,- av eigne midlar for å finansiere bygging av naust ved Belebu.

Fjellstyret set av inntil 700.056,- av eigne midlar for å finansiere bygging av naust med oppsynsdel ved Raudåna.

---

### **Referat:**

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

### **Vedtak (sak UFS 22/23):**

Fjellstyret set av inntil 69.125,- av eigne midlar for å finansiere bygging av naust ved Belebu.

Fjellstyret set av inntil 700.056,- av eigne midlar for å finansiere bygging av naust med oppsynsdel ved Raudåna.



## UFS 23/23: Eventuelt

### Bruk av fjellstyrehytte og båt

Johnny er gjort kjent med at ein leigetakar på Bjørnavassbu i reinsjakta lot jegerar som låg i telt ved hytta bruke gangen på hytta til matlaging og tørking av klede. Dei brukte og fjellstyrebåtane slik at dei til tider ikkje var tilgjengeleg for leigetakarar i den andre delen av hytta.

- Leigetakaren blir kontakta om dette. Fjellstyret må og syta for at reglane for bruk av hyttene med tilhøyrande båtar er godt kjent for brukarane til neste år.

### Naust ved Bjørnavassbu

I naustdelen (gangen) på Bjørnavassbu ligg det båtar som høyrer til eigarar av hyttene på Hovlandsstølen. Dei tek opp mykje plass, samtidig som rommet er i minste laget for å få plass til båtar som er store nok til å brukast på Nedsta Bjørnavatnet. Lager av båtar tilhøyrande Hovlandsstølen er basert på ein avtale som truleg strekk seg tilbake til når hytta var ny. Detaljane i avtalen er ukjend for fjellstyret.

- Fjellstyret får avklart kva avtalar som gjeld mellom fjellstyret og hytteeigarane på Hovlandsstølen.
- Det blir utarbeida teikningar for eit eventuelt nytt naust.